

## Ad bruruin i Oгнаelva

Hå historielag har i det siste fått nokre førespurnader etter informasjon om bruruinen nær utløpet til Oгнаelva. Det vart derfor gjort nettsøk som førte til funn som er samanfatta nedanfor.

I området langs Oгнаelva vart det tidleg på 1900-talet teke ut skjelsand som vart nytta til jordforbetring. Uttaket vart gjort med spade og transporten gjekk med hest og kjerre. Dei som stod bak dette ville etter kvart mekanisera uttaket og ifølge [Stavanger Aftenblad 6.9.1918 side 2](#) var eit sidespor frå Oгна jernbanestasjon til Oгнаelva bygd ferdig i sept. 1918. I [Stavanger Aftenblad 21.10 1920 side 1](#) og [Egersundsposten 26.10.1920 side 1](#) er det lengre artikler om korleis uttak av skjelsand til jordforbedring vart mekanisert. Her står det og at det vart bygd bru over elva med jernbanespor og anskaffa ein stor gravemaskin frå Sverige. Det vart og bygd eit sementstøyper i for at arbeiderane skulle ha noko å gjera på den tid av året då det var lite salg av sand. I fleire aviser finn ein [annonse](#) for skjelsand levert med jernbanevogn.

Drifta gjekk nok ikkje som planlagt og Oгна Privatbank krevde i 1922 tvangsauksjon over selskapet (ref. [Norsk Kundgjørelsestidende 20.1.1922](#)). Oгна Privatbank var stor långiver til selskapet og i 1924 gjekk banken konkurs (ref. [SR-Bank 150 års jubileumsbok side 173](#)). Egersund Landsogn Sparebank overtok konkursboet og selde bygningane med sementstøyperiet til Karl Olsen som dreiv vidare i mange år (ref. [Stavangeren 5.5.1924 side 1](#)). I [Stavangeren 20.2. 1924 side 2](#) står det at Gann Potteri & Teglværk kjøpte gravemaskinen frå konkursboet.

Brua vart sprengd av tyskarane tidleg under 2. verdenskrig av frykt for engelsk invasjon. Restane har sidan vorte ståande.

*PS: farga felt innhald peikar til referert dokument*

Gunleif Kindervåg, Hå Historielag

